

## Klassetur til Svartatjødno.

13.05.2016



Kjempekjekk hyttetur!

Barneskuletida nærmar seg slutten for årets 7.klassingar. Til hausten er dei klar for nye og spennande opplevingar på Rosendal ungdomsskule. No har dei vore på ein kjekk klassetur til Svartatjødno, og nedan fortel ein av elevane, Saima Døsslund, om turen. Kjempekjekt å lesa, og vi håpar mange ungdommar følgjer eksempelet og gjer noko liknande til nettsida,



Stemningsfull forsommarkveld.

Kl 09.00 møttest vi med grano. Alle var med, og vi kørde til Valen. Så gjekk vi opp ein veg, og kom til Svartatjødno. Vi hadde det veldig kjekt, men vi gleda oss veldig til kvelden, for då skulle vi fortelle spøkelseshistorier.

Vi gjekk ein tur til ein demning. Da vi kom heim grilla vi pølser og marshmallows rundt bålet. Etter det bada vi, dei fleste bada. Når det blei kveld sat vi oss rundt bålet. Det blei veldig skummelt etter alle historiane. Ha ha, men det var veldig koselig.

Etter det hadde vi party på loftet. Nokon kveldsbada og. Mykje nøtter på loftet. Vi hadde det veldig kjekt då og, bortsett frå at det haldt på å bli skogbrann eit par gonger. Men vi hadde 'full kontroll'. Når vi skulle sove, var det mykje bråk, men vi klarte å sove til slutt.

Victoria, Ella og Saima hadde morgonbad og. Ellers hadde vi det kjekt. Vi bada veldig masse om dagen. Vi har hatt ein fantastisk tur og takker Anette, Anja og Tore stort.



Gutar som trivest!



Sosialt og miljøskapande!



Gode varme ullteppe.



Syng, syng, syng og ver glad!



Bålkos



[Herleg strandliv.](#)



Ein god dukkert!



Det smakte godt!



Ser jammen ut som det var varmt!

Tekst: Saima Døssland  
Foto: Anette Sund  
Nett: Thor Inge Døssland